



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune

Stad: Fjell rådhus, kultursalen

Dato: 21.10.2019

Tid: 09:00 - 11:00

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjørøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jøgeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig – kom kl. 10.20 under behandling av sak 63/19
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Varamedlemer som møtte:

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, kommunalsjef for økonomi Anne Erdal, kommunalsjef for helse og velferd Line Barmen, kommunalsjef for kultur og samfunn Råmund Skjold, kommunalsjef for oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane, kommunalsjef for organisasjon og digitalisering Sissel Iren Nesse, økonomirådgjevar Øyvind Aasen, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjørøy

Børge Haugetun

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 62/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 63/19	Referatsaker og orienteringar
RS 8/19	Partssamansett utval - referat 07.09.2019
PS 64/19	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 65/19	Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 11.10.2019 og status forskotering reformstøtte
PS 66/19	Gebyr og brukarbetalingar i Nye Øygarden kommune - framlegg til forskrifter
PS 67/19	Lokale forskrifter for avløpstenester i Nye Øygarden kommune - framlegg til forskrifter og standardar
PS 68/19	Val av tilbydar for revisjonstenester i Nye Øygarden kommune – u.off.

PS 62/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Innkalling og saksliste vart godkjente utan merknader.

Protokollen frå førre møte, 09.10.2019, vart godkjent med unnatak av sak 61/19: Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy bad fyrst fellesnemnda om å la det nye kommunestyret godkjenne heile protokollen frå møtet 09.10.2019, saman med protokollen frå dette møtet 21.10.2019, på eit seinare møte. Det kom deretter framlegg frå Tom Georg Indrevik om at fellesnemnda kan godkjenne protokollen frå møtet 09.10.2019 med unnatak av sak 61/19. Godkjenning av protokollen for sak 61/19 og protokollen frå dette møtet 21.10.2019 vert såleis sendt over til nytt kommunestyre. Resten av fellesnemnda sa seg samde i skissert framgangsmåte frå Indrevik.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte 09.10.2019 vart godkjent – med unnatak av protokoll frå sak 61/19. Protokollen frå sak 61/19, og heile protokollen frå dette møtet 21.10.2019, vert opp til det nye kommunestyret å godkjenne på eit seinare møte.

PS 63/19 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Statusmelding v/ prosjektrådmann Rune Lid:

Lid viste til pågående prioritering av oppgåver som må vere løyst for drift av ny kommune 1.1.2020, jf. budsjettkontroll, avgjersle av lokalisering, delegasjonsreglement, IKT-system m.m.

Arbeidet med budsjettet har særleg fokus på netto driftsresultat, og innsparingar i 2019 vert vurdert om må vidareførast også til neste år.

Orientering om Budsjett 2020 – presentasjon frå tenesteområda og økonomisk utfordringsbilete:

Kommunalsjef for økonomi, Anne Erdal, gav eit riss av korleis statsbudsjettet for 2020 vil påverke budsjettet for Nye Øygarden kommune. Erdal trakk særskilt fram endringar knytt til veksttilskot og inntektsutjamning som direkte følger av kommunesamanslåinga, og som vert følgt opp vidare på nasjonalt nivå. Erdal gjekk deretter inn på aktuelle saker som den nye kommunen er pliktig til å ha og såleis må prioritere.

Kommunalsjef for helse og velferd, Line Barmen, viste særskilt til forventa auke i talet på eldre og mangel på helsepersonell, med auka press på institusjonsplassar, heimetenesta, og pårørande. Barmen viser til behov for at kommunen etablerer eigne og samlokaliserte tiltak for meir effektiv drift, som eit alternativ til å kjøpe tenester frå private leverandørar. Barmen viser også til behov for harmonisering av NAV sine satsar og berekningar grunna store skilnader mellom kommunane. Tiltak som vert sett i verk for å møte utfordringane er mellom anna førebygging, tidleg innsats, fokus på samskaping og digitalisering.

Kommunalsjef for kultur og samfunn, Råmund Skjold, la vekt på at det tek tid før effekten av omstillinga vil vise seg, og at det vil vere avgjerande med samhandling for å løyse oppgåvene i heile organisasjonen. Det skal vedtakast planstrategi innan oktober 2020, og det bør takast tid til å drøfte utfordringsbildet og prioriterte satsingsområder framover. Skjold kom deretter inn på ulike avtalar som kommunen har med andre aktørar som t.d. utbyggingsavtaler, byvekstavtaler, og tilsynsavtaler med frivillige. Det vert jobba med å få kartlagt standard og driftsnivå på kommunal eigedom og behov for oppfølging innan frivillig arbeid, kulturminneplanen og kulturskulen, med påfølgjande prioritering av oppgåver.

Kommunalsjef for oppvekst, Anne-Merete Vabø Haugane, la vekt på at heimane er aller viktigast for barnet sin oppvekst og at velferdstenestene skal vere eit viktig tillegg. Nokre av tiltaka innan oppvekst er lågterskeltilbod, og desse vil verte utfordrande å prioritere med knappe ressursar sett opp mot lovpålagte tenester. Vabø peiker vidare på at samarbeidet og samskapinga som skjer mellom tenestene og familien vil vere vesentleg for resultatet, noko som fordrar nye måtar å gjere ting på. Relasjonell kapasitet, sosial kompetanse, vil vere avgjerande for å få fram betre løysingar i lag og på tvers. For å få meir effektive tenester så blir aksjonsforsking trekt fram som ein arbeidsmåte som gjev «undervegs-læring». Målet er å treffe brukaren med tenestene og sikre at brukaren veit kvar ho skal gå, eller får rettleiinga som trengst på vegen.

Kommunalsjef for organisasjon og digitalisering, Sissel Iren Nesse, viste til den fjerde industrielle revolusjonen og alle endringane som føl med teknologiske gjennombrot og digitalisering. Det digitale skiftet vil påverke heile den offentleg sektoren, med forventningar om ein enklare kvardag for innbyggjar og næringsliv ved å fornye, forenkle og forbetra tenestane. Nesse viste til at det vil vere avgjerande med samhandling og samskaping på tvers for å kunne oppfylle desse forventningane, som også er peika på i intensjonsavtala for Nye Øygarden kommune. Nesse runda av med at digital transformasjon er ei grunnleggande og omfattande endring, med brukaren i fokus heile tida, og der organisasjonen må byggast om til noko nytt.

Fleire av medlemene i fellesnemnda takka prosjektrådmannen og kommunalsjefane for ein grundig presentasjon.

RS 8/19 Partssamansett utval - referat 07.09.2019

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 64/19 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemer av fellesnemnda i forkant av møtet. På møtet vart det fremja følgjande spørsmål:

Anita Garlid Johannessen;

Johannessen bad om klargjering av prosess knytt til varslingssak om tilsetjing i Nye Øygarden kommune.

Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy informerte om at saka er behandla i Fjell kommune knytt til gjeldande varslingsrutinar, og at saka er bortlagd. Dersom saka vert fasthalden av varslar vert den sendt over til prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune.

PS 65/19 Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 11.10.2019 og status forskotering reformstøtte

Innstilling:

Fellesnemnda tek saka til orientering.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Fellesnemnda tek saka til orientering.

PS 66/19 Gebyr og brukarbetalingar i Nye Øygarden kommune - framlegg til forskrifter

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek at følgjande framlegg til forskrifter vert lagt ut på høyring:

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune

Forskrift om tömming av private avløpsanlegg i Øygarden kommune

Høyringsfrist for forskriftene vert sett til 25.11.2019.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Tom Georg Indrevik bad administrasjonen rette opp skrivefeil i Forskrift om tømming av private avløpsanlegg i Øygarden kommune. Indrevik stilte deretter spørsmål til sjølvkostprinsippet for finansieringa av dei kommunale tenestene i forskriftene og utrekning av gebyr.

Prosjektrådmann Rune Lid viste til at skrivefeil vil bli retta opp, og at han vil kome tilbake med svar på spørsmålet om gebyrutrekning.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Fellesnemnda vedtek at følgjande framlegg til forskrifter vert lagt ut på høyring:

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune

Forskrift om tømming av private avløpsanlegg i Øygarden kommune

Høyringsfrist for forskriftene vert sett til 25.11.2019.

PS 67/19 Lokale forskrifter for avløpstjenester i Nye Øygarden kommune - framlegg til forskrifter og standardar

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek at følgjande forskrifter og standard abonnementsvilkår vert sende på høyring med fire veker høyringsfrist frå kunngjeringsdato:

- Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg
- Forskrift om påslepp og utslepp av oljehaldig, feithaldig og industrielt avløpsvatn
- Tekniske bestemmelser – Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (KS)
- Administrative bestemmelser – Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (KS)

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Fellesnemnda vedtek at følgjande forskrifter og standard abonnementsvilkår vert sende på høyring med fire veker høyringsfrist frå kunngjeringsdato:

- Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg
- Forskrift om påslepp og utslepp av oljehaldig, feithaldig og industrielt avløpsvatn
- Tekniske bestemmelser – Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (KS)
- Administrative bestemmelser – Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (KS)

PS 68/19 Val av tilbydar for revisjonstenester i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek å tildela Deloitte oppdraget med revisjonstenester i nye Øygarden kommune.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Møtet vart lukka og strøyminga av møtet slått av grunna sak unнатеke offentlegheita etter offentleglova § 23, 3.ledd, fram til val av leverandør er gjort.

Sakspapir unнатеke offentlegheita var sendt digitalt gjennom SvarUT til medlemene av utvalet før møtet.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 21.10.2019:

Fellesnemnda vedtek å tildela Deloitte oppdraget med revisjonstenester i nye Øygarden kommune.